

NotatDato: 03.06.2014
Arkivsak: 2014/16049-3
Saksbehandlar: josaksd

Til: Jan Nordø

Frå: Jostein Aksdal

Kulturminnefagleg innspel til søknad om konsesjon av 7 småkraftverk i Kvam herad.

Hordaland fylkeskommune viser til kraftverksaker på offentlig høyring på søknad om konsesjon.

1: Kastedalselvi

Tiltaket ligg i på austre side av Fyksesundet og kjem ned i fjordarmen rett nord for Vikaneset. I området rundt elva er området bratt og har lite naturlege tilgjenge. Kastdalselvi kraftverk vil utnytte et fall på 320 meter i Kastdalselvi, Vass inntak ligg på kote 325 moh. og rørgata går ned til kraftstasjonen på 5 moh. Tiltaket er tenkt på elva si søraustre side, først sjakt og så tunnel øvst og nedst i ei nedgrave rørgate. Tiltaket har slik liten visuelle verknad på kjende automatisk freda kulturminne.

I tiltaket ligg det og planar om ein permanent veg inn til kraftverket. Ut i frå søknaden skal denne delvis nytta eksisterande veg og delvis vera nybygd. Området frå Klyve og over Furehaugane og nordetter har eit potensial for funn av fornminne. Hordaland fylkeskommune viser til vårt brev av 14.09.2012 der me varslar arkeologiske registreringar i dette området.

Hordaland fylkeskommune vil be om at det vert tatt med som vilkår i ein eventuell konsesjon at undersøkingar etter Kulturminnelova § 9 skal gjerast før tiltaket vert sett i verk.

2-3: Øvre og nedre Frydlielva

Tiltaket ligg lengst inn i Botnen på vestre side av dalen under garden Flatabø. Dalen er delt av Botnaelva der gardane har lagt på austre side av dalen. Frydlielva kjem ned frå Kanikkebergdalen og munnar ut i Botnelva. Rett nord Frydlielva og tiltaket ligg eit gravfelt frå jernalderen Askeladden ID 97450. Rørgata skal delvis gå i fjelltunnell og delvis ute på moreneterrassen tett ved registrert lokalitet.

Konsekvensutgreiinga i saka er vag på dei vurderingane som er gjort. Om kulturminner og kulturmiljø: «*Et større gravfelt er registrert vest for naboelva Flatabøelva og nær planlagt rørgate. Det ser ikke ut til at rørgaten vil berøre gravfeltet, slik planene foreligger. De planlagte arealbeslagene vurderes likevel å være negativ for kulturmiljøet i nedre del av tiltaksområdet. # Middels verdi og negativ virkning gir liten negativ konsekvens*»

Hordaland fylkeskommune viser til at gravfeltet første gong vart dokumentert kring 1950 og sist av Hordaland fylkeskommune i 2004 vart det trass tett vegetasjon funne 24 godt synlege røyser. Dei mindre synlege strukturane og dei under flat mark er ikkje dokumentert. Konsesjonssøknaden gjev nærområda til

eit av regionen sine største gravfelt som automatisk freda kulturminne «middels verdi» og gjev tiltaket liten verknad.

Plasseringa av gravminna har nok hatt mange meiningar i tida. Generelt til ein tradisjon i eldre jernalder der viktige ferdsléarar ofte endar eller byrjar ved eit gravfelt, dette finn me att i Eidfjord og Bergen. Ytre Samlafjorden og fjordarmen innover til gardane inst i Botn har vore ein viktig ferdsléveg. Leia inn via Fykse og til Botn og opp til Flatabø har vore ein snarare veg over til Voss i gamal tid, enn rundt. Røysene som er synlege ligg på øvste terrassen tett ved ein steil bergvegg og bratt skråning. Det er deler av dette landskapet som rørgata skal borast igjennom. kulturminnevernet ser at gravfeltet og røysene kan ikkje sjåast utanom landskapet dei ligg i. I denne delen av fjorden er landskapet mykje intakt.

Hordaland fylkeskommune finn at det er eit stort potensial for konflikt mellom automatisk freda kulturminne kulturlandskapet rundt og forslag til rørygate. Hordaland fylkeskommune fremmar motsegn til søknad om konsesjon for kraftverk Øvre og nedre Frydlielva grunna konflikt med automatisk freda kulturminne Id 97450 og landskap.

4: Risbuelva kraftverk ligg

Ut i frå fagleg ansvarsområde for automatisk freda fornminne og nyare tids kulturminne har me ikkje merknader til konsesjon

5: Skåro kraftverk

Garden Skår har ei plassering og driftsform som representerer eit viktig bidrag i kulturlandskapet og historia. Eldste huset på tunet i dag er stabburet frå 1500-talet. Bygdeboka viser til at Skår først er nemnt i manntalet frå 1666. Stabburet er slik nok flytt opp dit ved opptaket av garden. Nær tunet vises det til skal vera funne ein spydspiss frå jernalder – truleg ei flatmarksgrav. Dette er moglegvis frå den førhistoriske garden som då er blitt lagt aude.

Konsesjonssøknaden viser at rørygata skal gå rett ved tunet og forbi bygningsmiljøet. Hordaland fylkeskommune ser at området kan ha eit potensiale for funn av førhistoriske spor, men at det ikkje er kjent konfliktar med kjende automatisk freda kulturminne.

Hordaland fylkeskommune vil be om at det vert tatt med som vilkår i ein eventuell konsesjon at undersøkingar etter kulturminnelova § 9 skal gjerast før tiltaket vert sett i verk.

6: Dalafjøra Kraftverk

Ut i frå fagleg ansvarsområde for automatisk freda fornminne i området rundt har me ikkje merknader til konsesjon

7: Lyselva kraftverk

Kva saka gjeld

Søknad om konsesjon for bygging av småkraftverk i Lyselva i Tørvikbygd. Planen er å bygge eit nytt kraftverk med nedgravd rørygate på vestsida av elva og lage ny tilkomstveg til kraftstasjonen.

Vurdering

Det ligg i dag ei gamal grindsag knytt til Lyselva som ein er uroa for at saga ikkje får nok vatn til å drive vasshjulet. Vernelaget har vore i kontakt med oss om saka og vi syner til brev frå oss av 30.9.2014. Der vi skriv:

«Grindsaga er ei enkeltblada oppgangssag, bygd i 1880 åra. Saga vart sett opp som ei følgje av utskiftinga. på Augastad der det var stor trong for skoren material, og var i årleg drift frå 1885 til 1956. Omlag 1970 sette eigarane bygningen i stand. Eigarskapen vart seinare overteken av Tørvikbygd bygdemuseum. Museumstyret tok i 1999 initiativ til skipinga av «Vernelaget for Grindsaga». Laget hadde som mål å få saga i drift. I løpet av ein femårsperiode vart det lagt ned 1500 dugnadstimar. Laget fekk tilskot av Norsk kulturråd, Hordaland fylkeskommune og Kvam herad. I 2004 opna saga for drift. Det er mellom anna skore bord til kleiding og sutak på verdsarven Bryggen i Bergen med same skur som den opphavlege materialen frå 1702.

Oppgangssaga fortel om ein viktig del av den vestnorske industrihistoria, og gjev eit eineståande innblikk i eldre sagbruksteknologi. Saga byr på kunnskap og opplevingar, men bidreg også til å skape verdiar, til dømes ved at ein produserer bord. Det er lokal oppslutning om bevaring. Sagbrukshistoria går langt attende i tid. Sagene i Kvam og Jondal er sjeldsynte i nasjonal samanheng og er av dei få kulturminna som står att etter ei stor og viktig næring. Hordaland fylkeskommune ser saga på Grind som eit teknisk kulturminne med svært høg kulturminneverdi. Verdien er styrkja ved at saga vert nytta i istandsetjinga av andre viktige kulturminne.

Kulturminne er unike, ikkje-fornybare og uerstattelege. Ifølgje St. meld. nr. 26 (2006-2007) skal mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø forvaltast og takast vare på som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på i eit langsiktig perspektiv. Hordaland fylkeskommune ser saga på Grind i slikt ljøs. I ei sak om utbygging av Lyselva vil fylkeskommunen legge vekt på at ein sikrar kulturminneverdiane. Ei oppgangssag utan vatn misser den viktigaste funksjonen - å sage. Eit heilt sentralt spørsmål vert difor om eit kraftverk vil sleppe nok vatn i elva til at saga kan køyrast på same vis som i dag. Ein må ta stilling til behovet ei minstevassføring, og det må undersøkjast kva som er tilstrekkeleg mengde vatn for saging. Vi viser til vår samla fråsegn i saka.»

Konklusjon

Etter Hordaland fylkeskommune sitt syn har Grindsaga i Tørvikbygd svært høg kulturminneverdi. Oppgangssagene i Hardanger er nasjonale kulturminne og tilgang til vatn for drift av saga er ein føresetnad for ei berekraftig forvaltning av kulturminnet. Når det gjeld dei nye planane for småkraftverket er det viktig at omsynet til bevaring gjer premissar for korleis ein regulerer bruken av vatnet i elva.

Hordaland fylkeskommune har ut i frå omsyn til automatisk freda fornminne i området ikkje merknader til ein eventuell konsesjon. Me har merknader til vassføring og bruk av oppgangssaga og ber om at det vert tatt inn i konsesjonen omsyn som sikrar drift av saga som kulturminne.

Mvh
Jostein Aksdal